



Møteinnkalling

Utval:	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad:	Longevasshytta
Dato:	22.09.2025
Tidspunkt:	15:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Måndag 22.sept

10.00 – Oppmøte på Legestølen i Jølster

<https://www.fylkesatlas.no/share/8fda3186741c>

Vi går opp den T-merka stien mot Longevasshytta. På vegen er det fleire ting vi kan sjå på. Der er bygd eit kraftverk med inntak rett utanfor grensa, som er tilpassa grense og regelverk. Vi har og gjort ein del tilrettelegging langs stien, og vi har ser fleire byggesaker som har vore behandla, frå stien.

Vi kan ete lunsj enten på vegen eller når vi kjem fram på hytta

13.00 – 14.00 – Framme ved Longevasshytta

Ca kl 15.00 – styremøte på hytta

Ca kl 18.00 – Middag. Enten ved sekretæren eller vår medbrakte kokk?

Tysdag 23.sept

Frukost

Gå ned att til Legestølen

Kl 14.30 – 17.00 Møte med rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal på Skei hotell

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 10/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 11/25	Val av styremedlem som skal signere protokoll		
ST 12/25	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2-2025		2019/4183
ST 13/25	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Status på tiltak og tiltaksmidler styremøte 2-2025		2019/4173
ST 14/25	Eventuelt		

ST 10/25 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 11/25 Val av styremedlem som skal signere protokoll



Arkivsaksnr: 2019/4183-27

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 11.09.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	12/25	22.09.2025

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2-2025

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande

Saksopplysningar

Delegerte saker sidan førre møte

- Øyvind Årebrot fekk løyve til å bruke motorbåt på Langedalsvatnet i mai, i samband med transport til hytte
- Jan Tore Fossheim fekk løyve til å bruke motorbåt på Traudalsvatnet i juni, i samband med arbeid på hytte og naust.
- Bygdeservice fekk løyve til å bruke helikopter i august/september, i samband med arbeid på buføringsvegar.

Oppfølging av helikoptersøknad frå Mastiff

Under møte i mars fekk produksjonsselskapet Mastiff delvis avslag på søknad om bruk av helikopter i Naustdal-Gjengedal. Selskapet vart oppmoda om å kome tilbake med ein ny og vesentleg nedjustert søknad. Etter det har Mastiff endra planane sine, og gjennomfører produksjonen utanfor verna natur.



Økonomi

Verneområdestyret har i 2025 fått eit budsjett på 95.000 kr til drift av styret og til administrative kostnader. Til no er det brukt om lag 13.000 til drift av styre og 3.700 til drift av nettside. Lågt forbruk skuldast mellom anna at eit møte i vår vart avlyst.

Vi har enno nokre møter igjen utover hausten, men verneområdeforvaltar har likevel signalisert eit forventet mindreforbruk tilbake til leiinga hjå Statsforvaltaren.

Forvaltningsplanen

Forvaltningsplanen ligg framleis hos Miljødirektoratet. Vi har ikkje fått nokon tilbakemelding.

Brev frå Miljødirektoratet

Miljødirektoratet har sendt eit brev alle nasjonalpark- og verneområdestyra med rettleiing om skjøtsel og fjerning av stiar. Brevet ligg vedlagt til sakspapira.

Midlar til skjøtelsplan for Myklandsdalen

Vi fekk som kjent ikkje planmidlar til å få laga skjøtelsplan for Myklandsdalen i tildelinga i vinter. Men vi har signalisert at vi ønskjer å få gjort dette med restmidlar dersom vi har det tilgjengeleg internt hos Statsforvaltaren i Vestland mot slutten av året.

Kostnadsestimat er på kring 200.000 for ein skikkeleg skjøtelsplan.



Arkivsaksnr: 2019/4173-30

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 11.09.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	13/25	22.09.2025

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Status på tiltak og tiltaksmidler styremøte 2-2025

Innstilling frå forvaltar

Styret tar orienteringa til vitande

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Oversikt over tiltak og tiltaksmidler Naustdal-Gjengedal 110925

Tiltaksmidlane

Naustdal-Gjengedal har fått 800.000 i tiltaksmidler for 2025. Alle midlane vart i utgangspunktet fordelt i styremøte 1/2025. Sidan har det kome nokre endringar og justeringar. Slik det ser ut no vil alle midlane bli brukt.

I tillegg har styret fått 50.000 i grunnstøtte drift.

Skjøtsel

Det er inngått skjøtelsavtale for i alt seks støyler eller støyelsmiljø. Alle avtalane er på 50.000. Vi hadde ein støyl til på lista, men dei kom til at dei ønskte ikkje å ha skjøtelsavtale i år. Forvaltar har inntrykk av at det har blitt jobba godt med skjøtelsarbeidet på støyane.

Vi har og brukt noko tiltaksmidler til uttak av gran, men det meste av arbeidet her vart betalt med fjorårets midlar. Vi har fleire mindre grantiltak på blokka der vi har sendt ut førespurnad til grunneigar. Vi brukar «granposten» som ein justerings- og salderingspost, og kjøper tenester for det som er att av mildar mot slutten av året. Her har vi nokre mindre førekomstar som kan vere aktuelle å gjere avtale om i haust, slik at jobben vert gjort i vinter eller til våren.



Tilrettelegging

Her har vi fleire mindre eller middels store tiltak i år. Det har blitt gjort ein del på buføringsvegane i Traudalen og mot Breidalen. Desse prosjekta er i samarbeid med grunneigarlag/beitelag som bidreg med både arbeid og midlar. Målet med desse tiltaka er først og fremst å sikre at storfe kjem seg innover i verneområdet på utmarksbeite. Tiltaka får ein del merksemd, men då kanskje først og fremst som tilrettelegging for friluftsliv. Det er viktig å vere tydelege på at denne typen tiltak gjer vi for beitedyr, og at ein ikkje kan rekne med so tunge tiltak og slik standard for friluftsliv.

Det vert jobba med å sette opp ein ny utedo på Nesstøylen / Ytre Kandalsstøylen som skal vere open for ålmenta. Grunneigarane vert ansvarlege for drifta.

Det har blitt gjort ein jobb med omlegging og kløpplegging av stien som går til Traudalsnibba. Jobben her er gjort av grunneigarar/sameige, og so har verneområdestyret bidrege med kløppematerial og noko midlar.

Midtre Nordfjord turlag har merka ruta som går frå Traudalen til Gjengedalsstøylen, og får ein del godtgjersle for det.

Det har blitt lagt mykje kloppar i Naustdal-Gjengedal siste femten åra, og no ser vi at dette har ført til eit stor behov for vedlikehald. Dei første kloppane som vart lagt må no skiftast ut. Kostnad med utskifting er like stor eller større enn det kostnaden var med å legge kloppar i si tid. Dette både på grunn av prisvekst og på grunn av at vi no legg kloppar på ein litt annan måte. Her har vi eit stort arbeid og kanskje evigvarande arbeid foran oss. I år har vi brukt om lag 150.000 på dette. Mesteparten frå tiltaksmidlar, men og noko frå grunnstøtte.

Øvre Naustdal Utmarkslag har montert ei bru ved Svostølen i Naustedalen. Verneområdestyret har betalt brua, helikopterfrakta og gjeve godtgjersle til utmarkslaget for jobben.

Grunnstøtte drift

Verneområdestyret har som sagt fått 50.000 i grunnstøtte drift i år. Dette er ganske frie midlar som kan brukast til oppdukkande behov og til drift og vedlikehald av infrastruktur. Av dei tildelte midlane er 20.000 brukt til driftsstøtte til grunneigarlag som drifter toalettløysing (utedo) som er opne for ålmenta. Kvart toalett får 5.000 kr. Dei resterande 30.000 er brukt til vedlikehald av kloppar.

Forbruk midlar

I skrivande stund er om lag 255.000 av tiltaksmidlane og 35.000 av grunnstøtta betalt ut. Dei fleste utbetalingane skjer seinare i haust etter at skjøtselsarbeid er ferdig utført, rapportert og fakturert. Vi forventar at alt blir brukt i år.

ST 14/25 Eventuelt